



Situasjonsrapport frå NVE: Utsikter for vårflaum 2012

Utarbeidd av flaumvarslingstenesta i NVE den 15.05.2012 kl. 11.00

I vassdrag som drenerer høgare delar av Vestlandet, nordvestlege fjellstrok av Oppland, indre strøk av Trøndelag og i Troms er det større sannsyn enn normalt for stor vårflaum. Vêrutviklinga sidan førre situasjonsrapport (18.04.2012), har ført til at sannsynet for stor vårflaum har auka noko den siste månaden i desse områda.

Det er mindre snø enn normalt i store delar av landet, noko som tilseier mindre sannsyn enn normalt for stor vårflaum. Unntaka er først og fremst i høgare strøk av Vestlandet, nordvestlege fjellstrok av Oppland og indre strøk av Trøndelag og Troms. I desse områda er sannsynet for stor vårflaum større enn normalt.

Vêrtilhøva under snøsmeltinga vil vera heilt avgjerande for korleis vårflaumen utviklar seg. Dersom våren blir relativt nedbørfattig og med moderate temperaturar vil det føre til redusert sannsyn for større vårflaum enn normalt i desse områda. Dersom det kjem mykje nedbør kan det føra til stor flaum, sjølv i område med lite eller ingen snø.

Det er lite is igjen i elvane i Sør-Noreg. Det er framleis elveis i nordre delar av Nordland og nordover. Her kan det oppstå problem dersom vassføringa aukar pga snøsmelting eller nedbør, sjølv om vassføringa ikkje er spesielt stor. For fleire detaljar om snø og is viser vi til <http://www.senorge.no> og <http://www.nve.no/snorapporrt>, og ismeldingane til NVE som finst på <http://www.nve.no/ismelding>.

Bakgrunnsinformasjon: Utsikter for vårflaum er basert på den hydrologiske tilstanden i dag (snø, mark- og grunnvatn) og utrekningar av sannsynleg vassføring i løpet av våren basert på 50 år med historiske nedbør- og temperaturdata.

Dette er ei melding som flaumvarslingstenesta i NVE sender ut rutinemessig for å skildre utsiktene for vårflaum.

Meldinga vert sendt til Fylkesmannen i alle fylka i landet, alle politidistrikta, Meteorologisk Institutt, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Olje- og energidepartementet, Justisdepartementet, Kraftforsyninga si beredskapsorganisasjon (KBO), Vegmeldingssentralen, Jernbaneverket-region nord, Sosial- og Helsedirektoratet, Norsk naturskadepool, regulantar med samarbeidsavtale, NGI, samt Länsstyrelsen i Värmland og SMHI.

**NVE ber om at Fylkesmannen sender meldinga vidare til kommunane.
NVE ber om at KBO sine einingar vidareformidlar meldinga til regulantane.
Det skal ikkje kvitterast for situasjonsrapport.**